



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Måndag 8. april kl.19.30
Stad:	Digitalt på Google Meet
Tilstades:	Marius Johannessen, Anna Tveit, Magnus M. Aronsen, Jakob Løve Rud, Magnus Molland (vara), Karoline J. Midtlid (vara med stemmerett)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre	Hans Inge Fagerland (teknisk kretskonkurransen), Karl Petter Økland (kretskonkurranseskomiteen)
Forfall:	Øyvind Gulliksen, Harald-Andreas Hansen (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 08/2024	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 09/2024	Godkjenning av referat frå styremøte 11.januar 2024
RK-sak 10/2024	Rekneskapsrapport
RK-sak 11/2024	Kretskonkurransen
RK-sak 12/2024	Statusrapport
RK-sak 13/2024	Festivalleir
RK-sak 14/2024	Lønn kretssekretær
	Eventuelt

RK-sak 08/2024: Godkjenning av innkalling og sakliste

Grunna flytting av kretskonkurransen vert punktet «evaluering av kretskonkurransen» endra til «kretskonkurransen». Hans Inge Fagerland frå teknisk arrangør og Karl Petter Økland frå kretskonkurranseskomiteen vart invitert til møtet for å planlegge ny gjennomføring av kretskonkurransen.

VEDTAK: Innkalling og sakliste vert godkjent med merknaden over.

RK-sak 09/2024: Godkjenning av referat frå styremøte 10. januar 2024

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 10. januar 2024 vert godkjent.

RK-sak 10/2024: Rekneskapsrapport

Kretsleiar presenterte rekneskapsrapporten for perioden januar-mars.

Ingen store avvik i forhold til budsjettet.

VEDTAK: Kretsstyret tek rekneskapsrapporten til orientering.

RK-sak 11/2024: Kretskonkurransen

Kretskonkurransen som skulle ha vore arrangert 5.-7. april vart avlyst/utsatt grunna svært dårlege vêrforhold. Det vart diskutert moglege helger å flytte konkurransen til. Teknisk arrangør og kretskonkurranseskomiteen kom med innspel til moglege løysingar.

Aktuelle helger var 19.-21.april, 3.-5. mai og 31.mai-2.juni.

Det var felles einigheit om at me helst ynskjer å halde kretskonkurransen og festivalleiren (31.mai-2.juni) som to separate arrangement. Teknisk arrangør har ikkje moglegheit 19.-21. april og fleire medlemmar i komiteen har ikkje moglegheit 3.-5.mai.

Det vert bestemt at kretskonkurransen vert arrangert 3.-5.mai, og at teknisk arrangør tek over ein del ansvar for gjennomføringa av konkurransen. Magnus M. Aronsen, leiar i kretskonkurranseskomiteen avtalar eit møte med teknisk arrangør for å vidareformidle informasjon om oppgåver og gjennomføring.

Kretssekretær sender ut ny informasjon til gruppene.

Påmeldingsfrist til NM i speiding er 15 mai.

Magnus Molland og Anna Tveit tek hovudansvaret for gjennomføring av leiarmiddagen laurdag kveld.

VEDTAK: Kretskonkurransen vert flytta til 3.-5. mai.

RK-sak 12/2024: Statusrapport**KL-KS våren 2024:**

Anna Tveit og Jakob Ares Løve Rud deltok på KLKS 15.-17 mars. Dei ga ei oppsummering av saker som vart tatt opp:

- Det er laga eit nytt draktreglement som skal stemmast over på speidartinget.
- Det er ynskjeleg at kretsen ser på forslaga til ny strategiplan og sender inn tilbakemeldingar.
- Forbundet ynskjer at kretsen Informerer delegatar til speidartinget om strategiplanen. Også at det vert eit slags «Infomøte» for delegatane til speidar- og roverforum. Om korleis foruma fungerer, speidarpolitikken, stemming og anna nytting informasjon.
- Forbundet oppfordrar grupper til å dele utstyr mellom seg. Type «frilager».
- Forbundet oppfordrar igjen til oppretting av roverombod.

- Forbundet ynskjer at kretsane sender ei oversikt over personar som har mottatt æreskniven, då det skal ettersendast eit merke.
- Kretsane må gå gjennom leiarane sine og undersøke at alle har gyldig politiattest.
- Forbundet ynskjer meir fokus på førarpatruljen.

Dugnad på Hedleitun:

Kommande helg (12.-14.april) vert det arrangert dugnad på Hedleitun. Det er laga eit arrangement i facebookgruppa for leiarane i kretsen. Foreløpig er det ikkje veldig mange påmeldte, men det kjem forhåpentlegvis fleire og vert gjort ein god jobb. Det skal ryddast ved, vaske og rydde inne, så plen og male hytta.

Utsleppsløyve:

For ei sund sidan fekk me eit brev frå Svei kommune om at me manglar utsleppsløyve for toaletta på Lier. Når desse vart bygd vart det søkt om eit prøveløyve som varte i to år. Det er ikkje søkt om nytt løyve etter dette. Kretsen fekk frist til 1.april for å sende ny søknad. Rørlegger Thuestad AS, som også sendte søknaden sist gong, er på saken og har hatt dialog med kommunen. Dei har fått utsatt fristen og er i gong med å sende ny søknad.

Kretsens helg:

Kretsens helg nærmar seg. Det er ikkje sendt ut info enda. Kretssekretær tek kontakt med utval speiding for å høyre om dei har nokon planar for helg. Det har også vore snakk om å leige inn leiartrenarar frå andre kretsar. Dette kan eventuelt undersøkjast.

VEDTAK: Kretsstyret tek statusrapporten til orientering.

RK-sak 13/2024: Festivalleir

Festivalleiren nærmar seg og det må opprettast ein festivalleirkomite. Alle i kretsstyret tek kontakt med aktuelle kandidatar. Det vert også lagt ut ein post om dette i facebookgruppa for leiarar. Kretssekretær spør utval speiding om dei kan bidra.

Leiren vert arrangert på Lier 31.mai – 2.juni.

Anna og Jakob frå kretsstyret kan delta. Marius og Hildegunn kan vere med på planlegging.

Marius sjekker opp bestilling av merker.

VEDTAK: Kretsstyret jobbar vidare med oppretting av ein festivalleirkomite

RK-sak 14/2024: Lønn kretssekretær

Det er budsjettert med 85 000kr på punkt 5000 «Lønn til ansatte». Denne summen er høgare enn det kretssekretær får utbetalt på noverande tidspunkt.

Kretsstyret føreslår å auke lønna til kretssekretær til dei budsjetterte 85 000kr.

VEDTAK: Forslaget om auke av lønn for kretssekretær vert einstemmig vedtatt.

Eventuelt